

Fekk laks på 8,2 kg.

05.08.2016



Mange fiskar i Uskedalselva. Her flugefiske i nedre del av elva.

Det har vore god fiskeaktivitet i Uskedalselva siste tida, og det har vore rapportert inn mange fangstar. I går fekk den ivrige fiskaren Arnt Erik Skjøtskift to store laksar. Den eine var 8,2 kg og er den største som er teken til no i sesongen. Han fekk også ein på 6,5 kg, og begge fiskane vart tekne på Haugland. Fiskane vart tatt på mark.

I fjor vart det teke fleire laksar på rundt 10 kg og no nærmar vi oss den vekta. Det er svært mange tilreisande som kjem til Uskedalen for å fiska i Uskedalselva. Det er fiska godt over 20 laksar på 5 kg og meir denne sesongen, og totalfangsten er komen opp i 452 innrapporterte kilo etter at fisket opna 15.juni. I fjor var fangsten 508 kg heile sesongen.

Meir om elva og fisket der finn ein på www.uskedalselva.no

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal